

Fra: Anne Hjermann [Anne.Hjermann@post.hfk.no]

Sendt: 29. oktober 2007 12:02

Til: Postmottak KD

Emne: Høyringsuttale

Vedlegg: 110205599-4-200705131-2.doc; 110205599-2-200705131-5.doc

Vedlagt følger dokument i samband med høyringsuttale: NOU 2007:6 Formål for framtida - formål for barnehagen og opplæringen

mvh Anne Hjermann

Anne Hjermann

Opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune

Anne.Hjermann@post.hfk.no

<<110205599-4-200705131-2.doc>> <<110205599-2-200705131-5.doc>>



Arkivsak 200705131-2
Arkivnr. 500.T00
Saksh. Hjermann, Anne

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	02.10.2007
Fylkesutvalet	11.10.2007

HØYRINGSUTTALE - NOU 2007:6 FORMÅL FOR FRAMTIDA -FORMÅL FOR BARNEHAGEN OG OPPLÆRINGEN

SAMANDRAG

I juni 2006 oppnemnde Regjeringa eit utval for gjennomgang av formålet med opplæringa og formålet for barnehagen. Utreiinga skulle særleg legge vekt på; samfunnet si utvikling med auka internasjonalisering og mangfald, formuleringane knytt til det kristne verdigrunnlaget og endringane i utdanningssystemet.

Forslaget til ny formålsparagraf i opplæringa vil erstatte ein gjeldande formålsparagraf som på fleire områder er ulik for grunnskolen og for den vidaregåande opplæringa.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Fylkesutvalet sluttar seg til utvalet sitt forslag til ny formålsparagraf for opplæringa.

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

FYLKESRÅDMANNEN, 20.09.2007:

I juni 2006 oppnemnde Regjeringa eit utval for gjennomgang av formålet med opplæringa (Opplæringslova § 1-2) og formålet for barnehagen. Utgreiinga skulle særleg legge vekt på følgjande perspektiv; samfunnet si utvikling med auka internasjonalisering og mangfald, formuleringane knytt til det kristne verdigrunnlaget og endringane i utdanningssystemet. Utvalet la fram si innstilling for Kunnskapsdepartementet i juni 2007 (NOU 2007:6 Formål for framtida. Formål for barnehagen og for opplæringa).

Utvalet vurderte om ein kunne ha ein felles formålsparagraf for skole og barnehage, men kom fram til at det var vanskeleg å utforme ein felles tekst for barnehage og opplæring. Verdigrunnlaget som dei to forslaga bygger på er likevel det same, og barnehagen vert såleis sett i samanheng med grunnopplæringa og det livslange opplæringslauget. Fylkesrådmannen si vurdering gjeld forslaget til ny formålsparagraf for opplæringa.

Grunnskolen og den vidaregåande opplæringa er heimla i ei felles lov og samordna gjennom forskrifter for innhald og struktur. Den gjeldande formålsbestemminga for grunnskolen og for den vidaregåande opplæringa er samla i ein lovparagraf, men bestemmingane er på fleire områder ulike for dei to nivå i opplæringslauget.

§ 1-2. Formålet med opplæringa – gjeldande rett

Grunnskolen skal i samarbeid og forståing med heimen hjelpe til med å gi elevane ei kristen og moralsk oppseding, utvikle evnene og føresetnadene deira, åndeleg og kroppsleg, og gi dei god allmennkunnskap, slik at dei kan bli gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn.

Den vidaregåande opplæringa skal ta sikte på å utvikle dugleik, forståing og ansvar i forhold til fag, yrke og samfunn, og hjelpe elevane, lærlingane og lære kandidatane i deira personlege utvikling. Den vidaregåande opplæringa skal vere med på å utvide kjennskapen til og forståinga av dei kristne og humanistiske grunnverdiane, den nasjonale kulturarven vår, dei demokratiske ideane og den vitskaplege tenkjemåten og arbeidsmåten.

Opplæringa i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa skal fremje menneskeleg likeverd og likestilling, åndsfridom og toleranse, økologisk forståing og internasjonalt medansvar.

Opplæringa skal leggje eit grunnlag for vidare utdanning og for livslang læring og støtte opp under eit felles kunnskaps-, kultur- og verdigrunnlag og eit høgt kompetansenivå i folket.

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten.

Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar, mellom lærlingar, lære kandidatar og bedrifter, mellom skole og heim, og mellom skole og arbeidsliv. Alle som er knytte til skolen eller til lærebedriftene, skal arbeide for å hindre at elevar, lærlingar og lære kandidatar kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar.

Endra med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645).

Utvalet sitt forslag til ny § 1.2 Opplæringslova:

Opplæringa i skole og bedrift skal opne dører mot verda og framtida og skal gi elevane historisk og kulturell innsikt. Ho skal byggje på respekt for menneskeverdet, på åndsfridom, nestekjærleik, likeverd og solidaritet, slik desse grunnleggjande verdiane kjem til uttrykk i kristen og humanistisk tradisjon, i ulike religionar og livssyn, og slik dei er forankra i menneskerettane. Opplæringa skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for

å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong. Elevane skal lære å tenkje kritisk, handle etisk og ta økologisk ansvar. Dei skal ha medansvar og høve til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane med tillit og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Skolen skal samarbeide med heimen.

Gjeldande formål for opplæringa har i 5. ledd ei bestemming om tilpassa opplæring. Dette er ikkje ført vidare i utvalet sitt forslag. Bakgrunnen for dette er signal om å ta dette opp særskilt i Opplæringslova, jf. St.meld. nr. 16 (2006-2007)...*og ingen sto igjen*, der det vert foreslått å vurdere om tilpassa opplæring skal omtalast spesielt i Opplæringslova; *For å bidra til å tydeliggjøre prinsippet om tilpasset opplæring vil departementet i forbindelse med revisjon av formålsparagrafen i opplæringsloven gjennomgå prinsippene for tilpasset opplæring og vurdere om det bør omtales særskilt og ikke som en del av lovens formålsparagraf.* Departementet kjem tilbake til dette med eit eige høyringsnotat denne hausten.

Det er Fylkesrådmannen si vurdering at samanhengen gjennom heile det 13 årige opplæringslauget vert framheva med ei felles formålsbestemming. Det er vidare Fylkesrådmannen si vurdering at teksten uttrykker eit inkluderande verdigrunnlag, og at den har eit konkretiseringsnivå som kan fungere i forhold til andre styringsdokument.

Dei vidaregåande skolane er invitert til å uttale seg om forslaget til ny formålsparagraf. Frå skolane er det ikkje kome innvendingar til sjølve teksten eller til dei perspektiva som ligg til grunn for forslaget til ny formålsparagraf.

Fylkesrådmannen sluttar seg til utvalet sitt forslag til ny formålsparagraf for opplæringa.

Bjørn Lothe sette fram slikt forslag:

” Fylkesutvalet sluttar seg til utvalet sitt forslag til ny formålsparagraf for opplæringa.”

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Lothe sitt forslag fekk 7 røyster (SV, A, Sp, V) og fall grunna fylkesordføraren si dobbeltrøyst.

Innstillinga pkt. 1a) vart vedteken mot 2 røyster (SV).

Innstillinga pkt. 1b) vart vedteken med fylkesordføraren si dobbeltrøyst mot 7 røyster (SV, A, Sp, V).

Innstillinga pkt. 1c) vart vedteken mot 2 røyster (SV).

Innstillinga pkt. 2 vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet sluttar seg til utvalet sitt forslag med dei presiseringar som er gjort av utvalet sitt mindretal i punkt 2.5.7:

a) tydeleggjere foreldra sitt ansvar for oppseding og opplæring av borna sine, ved å få dette fram tidleg i teksten

b) tydeleggjere ”grunnleggjande verdiar i kristen og humanistiske tradisjon” som den kulturelle basisen for verksemda

c) markere tydeleg at mangfaldet i samfunnet må vere synleg i skolen, og at den enkelte si overtyding skal respekterast

2. Fylkesutvalet ber om at det som kjem til uttrykk om “gode samarbeidformer” i siste avsnitt i gjeldane formålsparagraf vert ført vidare:

“Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten. Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar, mellom lærlingar, lære kandidatar og bedrifter, mellom skole og heim, og mellom skole og arbeidsliv. Alle som er knytte til skolen eller til lærebedriftene, skal arbeide for å hindre at elevar, lærlingar og lære kandidatar kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar.